



Fiskeri- og kystdepartementet  
Postboks 8118 Dep  
0032 Oslo

## **Kristiansund kommune. Algea AS. Søknad om etablering av anlegg for produksjon av makroalgar - sukkertare, butare og raudalgar på lokalitet Orstranda. Vurdering av verknader på resipientbruk, friluft-, naturvern-, fiske- og viltinteresser.**

Vi viser til oversending frå Fiskeri- og kystdepartementet 11.01.2013 med søknad frå Algea AS om etablering av anlegg for produksjon av makroalgar - sukkertare, butare og raudalgar på lokalitet Orstranda i Kristiansund kommune. Det er søkt om forsøksproduksjon på 5-10 tonn på lokaliteten.

Vi vil med dette gje ei vurdering av verknaden det omsøkte anlegget kan ha på ein del allmenne interesser i området, jf. § 6, 1. ledd i akvakulturlova. Vår vurdering kan også inngå i departementet sitt vurderingsgrunnlag etter §§ 8-12, jf. § 7 i naturmangfaldlova.

### **Planstatus/kommunal handsaming**

Området er sett av til akvakultur i kommuneplanen sin arealdel. Søknaden har vore lagt ut til offentlig ettersyn, og det er komme fleire merknader til anlegget. Ingen av merknadene går direkte mot søknaden. Kristiansund kommune rår i sitt vedtak 02.05.2013 til at det blir gitt løyve.

### **Anadrom villfisk**

Anlegget vil ikkje få konsekvensar for anadrom vill laksefisk.

### **Naturvern**

Sjøområdet frå Orneset til Flatsetsundet er registrert i Naturbase som eit viktig beiteområde for sjøfugl. Moglege konflikhtar med anlegget er truleg minimale samanlikna med eit ordinært matfiskanlegg. Vi kan heller ikkje sjå at det omsøkte anlegget vil ha vesentlege negative verknader for eventuelle marine organismar.

Vi legg til grunn at det er stadeigne tareartar som skal brukast, og har i så fall ikkje merknader til søknaden. Bruk av framande artar krev særskilt vurdering. Det er ein mangel ved søknaden at dette ikkje er spesifisert godt nok.

### **Resipientbruk**

Fylkesmannen ser ut i frå omfang og type produksjon ikkje trong for å handsame søknaden etter forureiningslova. Dersom tilhøve ved drifta eller resipienten tilseier det, kan Fylkesmannen vurdere dette på nytt.

**Friluftsliv**

Fylkesmannen kjenner ikkje til særskilte friluftsinnteresser som vil bli påverka negativt av anlegget.

**Vilt**

Oppdrett i sjøen kan generelt vere i konflikt med m.a. sjøfugl og oter. Vi gjer merksam på at ein ikkje utan vidare kan rekne med å få fellingsløyve for dyr som gjer skade. Eventuelle skader må generelt bli søkt redusert ved førebyggjande tiltak.

**Konklusjon**

Fylkesmannen har ikkje innvendingar til søknaden.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
seksjonssjef

Bjarne Otnes  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje signatur.*

**Kopi:**

Kristiansund kommune

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen

Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund